

KOMMISJONSVEDTAK

2010/EØS/67/26

av 8. mai 2006

om å gje Republikken Polen løyve til å forby bruken på territoriet sitt av 16 genmodifiserte maissortar i MON 810-linja som er førde opp den felles sortslista for jordbruksvekstrar i medhald av rådsdirektiv 2002/53/EF(*)

[meldt under nummeret K(2006) 1795]

(Berre den polske teksta er gyldig)

(2006/335/EF)

KOMMISJONEN FOR DEI EUROPEISKE FELLESSKAPA
HAR —

med tilvising til traktaten om skipinga av Det europeiske fellesskapet,

med tilvising til rådsdirektiv 2002/53/EF av 13. juni 2002 om den felles sortsliste for jordbruksvekster⁽¹⁾, særleg artikkel 16 nr. 2 bokstav b), og

ut frå desse synsmåtane:

- 1) Kommisjonen offentliggjorde 17. september 2004 i det 13. tillegget til den 22. fullstendige utgåva av den felles sortslista for jordbruksvekstrar⁽²⁾, i samsvar med artikkel 17 i direktiv 2002/53/EF i C-serien av *Tidend for Den europeiske unionen*, ei liste over 17 genmodifiserte maissortar som er avleidde frå den genmodifiserte organismen MON 810.
- 2) I medhald av artikkel 16 nr. 1 i det nemnde direktivet skal medlemsstatane sikre at frø frå sortar som er godkjende i samsvar med direktivet eller på grunnlag av prinsipp som svarar til prinsippa i direktivet, med verknad frå den offentleggjeringa som er nemnd i artikkel 17, ikkje vert underlagde noka form for marknadsføringsrestriksjonar med omsyn til sort.
- 3) I artikkel 7 nr. 4 i det nemnde direktivet er det fastsett at genmodifiserte sortar berre kan godkjennast for oppføring i ei nasjonal liste etter å ha vorte godkjende for marknadsføring i samsvar med rådsdirektiv 90/220/EØF⁽³⁾, som no er bytt ut med europaparlaments- og rådsdirektiv 2001/18/EF⁽⁴⁾, der det er fastsett at dei risikoane som genmodifiserte organismar utgjer for menneskehelsa og miljøet, skal vurderast.

- 4) I kommisjonsvedtak 98/294/EF av 22. april 1998 om marknadsføring av genmodifisert mais (*Zea mays* L. linje MON 810) i medhald av rådsdirektiv 90/220/EØF⁽⁵⁾ er det fastsett at det bør gjevast løyve til marknadsføring av det nemnde produktet. Dei franske styresmaktene gav 3. august 1998 i praksis løyve til at produktet kan marknadsførast.
- 5) 31. mars 2005 mottok Kommisjonen ein søknad frå Republikken Polen om å få innføre forbod på grunnlag av artikkel 16 nr. 2 i direktiv 2002/53/EF mot bruk og marknadsføring av frø frå 17 genmodifiserte sortar av maislinja MON 810. Det vart sendt over ein endra søknad 24. juni 2005 der det vart spesifisert at søknaden byggjer på artikkel 16 nr. 2 bokstav b). 9. desember 2005 melde Polen frå til Kommisjonen om at søknaden ikkje omfattar sorten Novelis, som var nemnd i den opphavlege søknaden. Polen opplyste vidare om at for dei andre sortane gjeld søknaden for eit uavgrensa tidsrom.
- 6) Ut frå dei opplysningane som ligg føre for dei 16 aktuelle sortane, er det velkjent at dei ikkje er høvelege for dyrking i nokon del av Polen fordi dei har for høg mognadsklasse, det vil seie ein FAO-indeks på minst 350 eller tilsvarende mognadsklasse. Dei aktuelle klima- og jordbruksfaktorane utgjer ei permanent hindring for at desse sortane kan dyrkast i Polen.
- 7) På bakgrunn av dette bør søknaden frå Republikken Polen godkjennast på grunnlag av artikkel 16 nr. 2 bokstav b) for dei 16 aktuelle genmodifiserte maissortane.
- 8) For at Kommisjonen skal kunne melde frå til dei andre medlemsstatane og ajourføre den felles sortslista for jordbruksvekstrar som er fastsett i direktiv 2002/53/EF, bør det krevjast at Polen gjev melding til Kommisjonen om når dei tek i bruk det løyvet som dei har fått tildelt ved dette vedtaket.

(*) Denne fellesskapsrettsakten, kunngjort i EUT L 124 av 11.5.2006, s. 26, er omhandlet i EØS-komiteens beslutning nr. 75/2007 av 6. juli 2007 om endring av EØS-avtalens vedlegg I (Veterinære og plantesanitære forhold), se EØS-tillegget til Den europeiske unions tidende nr. 60, 13.12.2007, s. 8.

⁽¹⁾ TEF L 193 av 20.7.2002, s. 1. Direktivet endra ved europaparlaments- og rådsforordning (EF) nr. 1829/2003 (TEU L 268 av 18.10.2003, s. 1).

⁽²⁾ TEU C 232 A av 17.9.2004, s. 1.

⁽³⁾ TEF L 117 av 8.5.1990, s. 15.

⁽⁴⁾ TEF L 106 av 17.4.2001, s. 1. Direktivet sist endra ved forordning (EF) nr. 1830/2003 (TEU L 268 av 18.10.2003, s. 24).

⁽⁵⁾ TEF L 131 av 5.5.1998, s. 32.

- 9) Republikken Polen har sendt inn ein liknande søknad for maissortar som ikkje er genmodifiserte. Ettersom slike søknader vert handsama etter ein annan framgangsmåte, vil det verte gjort eit særskilt vedtak for dei.
- 10) Dei tiltaka som er fastsette i dette vedtaket, er i samsvar med fråsegna frå Det faste utvalet for frø og økslingsmateriale innan jordbruk, hagebruk og skogbruk —

GJORT DETTE VEDTAKET:

Artikkel 1

Republikken Polen har fått løyve til å forby bruken på heile territoriet sitt av dei 16 genmodifiserte maissortane som er førde opp i det 13. tillegget til den 22. fullstendige utgåva av den felles sortlista for jordbruksvekstrar og i vedlegget til dette vedtaket.

Artikkel 2

For at Kommisjonen skal kunne melde frå til dei andre medlemsstatane, skal Republikken Polen gje melding til Kommisjonen om når dei tek i bruk det løyvet som dei har fått tildelt i artikkel 1.

Artikkel 3

Dette vedtaket er retta til Republikken Polen.

Utfærd i Brussel, 8. mai 2006.

For Kommisjonen

Markos KYPRIANOU

Medlem av Kommisjonen

VEDLEGG

1. Aliacan BT
 2. Aristis BT
 3. Bolsa
 4. Campero BT
 5. Cuartal BT
 6. DK 513
 7. DKC6550
 8. DKC6575
 9. Elgina
 10. Gambier BT
 11. Jaral BT
 12. Lévína
 13. Olimpica
 14. PR32P76
 15. PR33P67
 16. Protect
-